



Hå – stein og husdyr

INGEBORG NÆRLAND SKJÆRPE



Kommunevåpenet i Hå er ein steinbukk. Han kan stå som symbol på den steinete, jordbruksjorda her – og slitet. Men han kan like mykje symbolisera utvikling, framgang og nytenking. Dei tre beina kan vera bilete på at Nærbø, Varhaug og Ognå kommune vart slått saman til ein kommune, Hå, i 1964.

Museumsarbeidet avspeglar også ein kommune med røter i ulike bygder. Museums-samlingane me har i dag byggjer til dømes på samordning av arbeid frå Nærbø og Varhaug.

Hå dekkjer eit areal på 258 km² og er den sørlegaste kommunen på Jæren. Størstedelen av kommunen ligg på Låg-Jæren. Heilt i sør strekkjer den seg inn i Dalane med eit knausete fjellandskap. Og i aust hevar det bølgrande landskapet seg opp mot Høg-Jæren med heiar 120 meter over havet.

Hå kommune har ei kystline på om lag 2 mil. Her er ope og verhard. Ikkje få skip har stranda utanfor kysten her. Naturlege hamner var det bare heilt sør i Sirevåg og Holmane. I dag er det bygd hamner i Obrestad, Madland, Kvasseheim og Sirevåg. Men me finn naust, nausttuffer eller støer i alle små viker langs kysten. Kystkulturen med fiske og strandrettar har vore viktig her gjennom alle tider.

Innbyggjartalet var i januar 2010 på 16 342. Hå har vore, og er, framleis ein av dei viktigaste jordbrukskommunane i landet. Om lag 50 % av arbeidsplassane er knytt til jordbruket. Den høge prosenten skuldast at det er omfattande matindustri i kommunen. Mens talet på bønder går ned aukar talet på industriarbeidsplassar knytta til jordbruket.¹

I tidlegare tider var det sjøgardane som var sentrum. Vegane var dårlege og folk ferdast stort sett på sjøen eller langs sjøen. Då jærbanen kom i 1878 vaks det fram nye sentra rundt stasjonane Nærbø, Varhaug, Vigrestad, Brusand, Ogna og Sirevåg. Desse har vakse og utvikla kvar sine særpreg. Jærbanen har vore med på å leggja grunnlaget for at utviklinga i jordbruket skaut fart på slutten av 1800-talet og at det vaks fram mange bedrifter for handel, handverk, møbel og trevare og industri knytt til mellom anna produksjon av reiskap til jordbruk og fiske.



GRØDALAND GARDSNR. 14

Gamlegarden bruksnr. 1

1 Gamlehuset

2 Gamleløa

Toregarden bruksnr. 2

3 Torehuset

4 Toreløa

5 Fjoset

6 Do

7 Vindmaskin

I Hå kommune finn ein restar etter mange kultur- og fornminne. Her er registrert fleire hundre strandgraver og dei store strandgravfelta på Kvasseheim og Hå frå jernalder og folkevandringstid er unike i sitt slag. Bortimot 10 % av arealet i kommunen er verna på ulike måtar. Me har jærstrendene landskapsvernområde med eit rikt fugle og planteliv. Og på Høg-Jæren finn me endå det typiske lynghei og myrlandskapet som var vanleg over heile Jæren før jorddyrkinga endra landskapet.

Det er fleire bygningar og anlegg som er verna. Her vil me presentera dei anlegga kommunen eig, og som Jærmuseet har driftsansvar for. Det gjeld først og fremst husa på Grødal and og sjøredningsmuseet i Varden. Men og ei smie på Motland, tre naust og kvernhus og korn-tørke på Nord Varhaug. Jærmuseet har og eit samarbeid med Hå gamle prestegard.



Museet på Grødal land ligg flott til midt i eit landbruksområde og med utsikt over sjøen. *Foto: Ingeborg Skrudland 2010.*

Foto oppslagsida:

«Kjøkkenkos» – syrekakene godgjer seg på hedla.

Leiar i Hå Historielag i 2010, Harald Helmsgård, smakar på baksten og saupet

Alle foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.

DEI FØRSTE MUSEA I HÅ

I Nærbø vart det arbeid med skiping av bygdemuseum i åra etter krigen. Emelankton Aadnesen og fleire eldsjeler prøvde å få hand om dei fråflytte husa på bruksnummer 1 «Gamlegarden» på Grødalaland. Men det vart for dyrt for kommunen. Det enda med at Rogaland Folkemuseum kjøpte anlegget og Nærbø kommune bidrog med eit mindre beløp. Museet sette husa i stand og i 1952 vart Grødalalandstunet innvia. Rogaland Folkemuseum var eit museumsprosjekt som samla hus i mange rogalandskommunar – i Hå på Jæren og i fleire ryfylkekommunar.

Emelankton Aadnesen og Nærbø Bygdemuseums-lag arbeidde vidare og kjøpte i 1954 eit hus på Obrestad. Men etter kort tid fann dei ut at det vart for mykje med

to bygdetun i Nærbø. I 1958 vart huset seld til riving og om lag tusen gjenstandar flytt til Grødalaland. På slutten av 1950-talet vart bruksnummer 2 på Grødalaland seld til Nærbø skogplantingslag. I 1960 fekk Rogaland Folkemuseum overta desse bygningane og.

I 1955 vart det i Varhaug oppnemnd ei kulturminnenemnd *for å ta seg av gamle ting i bygda og arbeida for med tida å få eit bygdemuseum*. Dei arbeidde aktivt med å samla inn gjenstandar og ei kort tid heldt dei til i eit gammalt skulehus på Odland. I protokollen står det at Varhaug Bygdemuseum vart opna og overlevert til Varhaug Kommune den 4. desember 1959. I 1960 var det registrert 1055 gjenstander og dei meinte då at det meste av gamle ting var samla inn. I 1961 vart samlinga stilt ut i kjellaren på det nye rådhuset på Varhaug.

Gamlahuset på Grødeland på 1950-talet. Foto: Peder Heskestad. Rogaland Folkemuseum.



Men – innsamlinga fortsette. I 1964 fekk museet hand om «Løge-løa» på Vigrestad. Der vart det samla *reiskap av ymse slag frå jordbruket*.

Etter kommunesamanslåinga i 1964 skifta Varhaug kulturminnenemnd namn til Hå kulturminnenemnd og vart utvida med folk frå Nærbø og Ogna. Året etter vart namnet på museet endra frå Varhaug – til Hå Bygdemuseum.

I 1977 opna sjøredningsmuseet i Varden. Hå kommune bygde eit nytt museumsbygg for å ta vare på redningsbåten Trygg og utstyr frå redningsstasjonane. Sverre Kvadsheim (1927–1993) frå Ogna var svært engasjert i dette arbeidet.

Rogaland fylkeskommune engasjerte seg i organiseringa av museumstellet i Rogaland på 1970-talet. Det førte til at Rogaland Folkemuseum vart til Ryfylkemuseet og husa i Hå: Grødalandstunet saman med ei smie på Motland og kvernhus og naust på Nord-Varhaug, vart ført over til Hå kommune i 1983. Dei høyrde då til Hå Bygdemuseum saman med samlinga i rådhuskjellaren og Varden. Drifta av Hå Bygdemuseum hadde stort sett vore basert på frivillig engasjement saman med dei oppnemnde kulturminnenemndene. I 1983 vart formannen i kulturminnenemnda, Sverre Kvadsheim, lønna i ¼ stilling og frå 1984 i ½ stilling av kommunen. Det vart og etterkvart tilsett omvisar og vakt på kvardagane i sesongen. På sundagane hadde dei lokale bygdeungdomslaga hatt vakthaldet på Grødaland, i rådhuskjellaren og i Varden i fleire år. I 1984 tok Hå Historie og Ættesogelag over den daglege drifta av Hå Bygdemuseum.

Gjennom åra har det bygd seg opp ei fin samling av gjenstandar i Hå Bygdemuseum. Det vart sett av pengar



Aud Kari Kvalbein har vore engasjert i arbeidet på anlegga til Hå Bygdemuseum like sidan kommunen overtok i 1983, både som frivillig og tilsett. Ho har både vore vakt og omvisar, og ikkje minst har ho arbeidd med registrering av gjenstandar og laga utstillingar. Her sit ho på kontoret i 1998. Då var bygdemuseet leigebuar på Jærmuseet.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet.

på budsjettet til registreringsarbeid. Arbeidsplass for personale og magasin for dei mindre gjenstandane har flytta litt rundt. Frå det gamle kommunehuset på Ogna til loftet på Vigrestad helsesenter, vidare til Vigrestad ungdomsskule, det gamle skulehuset på Voll og til sist inn på Jærmuseet, Vitengarden i 1995. I tillegg har ein nytta fleire lør til oppbevaring av jordbruksreiskap og andre større gjenstandar.

I mai 2002 overtok Jærmuseet drifta av Hå Bygdemuseum og tok då over som arbeidsgjevar for dei som hadde vore kommunalt tilsette i Hå Bygdemuseum. Det var samla inn over 7000 gjenstandar. Om lag 5000 av desse var registrert på data. I 2005 vart storparten av gjenstandsamlinga frå rådhuset på Varhaug flytta til

Jærmuseet sitt bygg på Kvía. Eit utval av gjenstandane er presenterte i utstilling der.

GRØDALAND

Grødalandstunet er eit av dei finaste og best bevarte gardsanlegga i Rogaland. Dette er ein typisk sjøgard med flott utsyn mot havet i vest. Her dreiv dei jordbruk og hadde i tillegg ressursane frå sjøen og stranda som til dømes fiske, tare og «vrak». Fleire av dei som budde her var losar. Husa står slik dei vart bygde på 17- og 1800-talet. Namnet Grødaland kjem av det gamalnorske ordet grjot som tyder gråstein. Jorda her var steinete og med myrvar og tjødnar. I dag er det ikkje så mykje igjen av

dette – anna enn rydningrøysar og steingardar. Det me ser nå er fine, grønne kjelve og skog planta på 1960-talet.

På Grødaland har det budd folk langt tilbake i tid. I strandlinja finn me graver frå folkevandringstida. Torger Edland namngjev personar frå byrjinga av 1500-talet i gards og ættesoga for Hå. Her kan ein sjå namn som Paul, Tjærand, Herborg, Ingeborg, Berta, Lars, Jens og Tore gå igjen i mange generasjonar. Garden er på om lag 1250 mål og har heile tida vore bondegods. Det har levd folk her i mange generasjonar og me kan tenkja oss at dei har opplevd både sorg, slit og glede. Bruksdelinga har endra seg gjennom tidene. Eigarane har arva og kjøpt jord her og i andre gardar.

Foto frå Torehuset ca. 1908. Til venstre ser me Kristian K. Grødeland (1873–1926) og til høgre ein av brørne hans enten Tore (1868–1942) eller Jens (1875–1946) I midten står far deira Kristian Larson Tvihaug (1837–1919). Han var gift med Berta Jorina Toresdtr frå Grødeland.





Foto frå 1858: Johanne Taletta Pauldtr. Grødeland f. 1834. (dotter til Berta og Paul). Gift i 1858 med tolloppsynsmann i Stavanger; Lars Henriksen Meling f. 1830. Desse to bileta er eksempel på ein av dei eldste fotografitypane me har. Sånkalla unika fotografi som desse daguerrotypiane vart laga i perioden 1840–1860. Kwart bilete finns bare i eit eksemplar.

I åra rundt 1700 var heile Grødaland eit bruk. I 1714 brann alle husa her ned med avling, 5 naut, 3 hestar og nokre sauer.² Etter dette måtte dei byrja på ny. Endekammerset i Gamlehuset reknar ein med har vore bygd som ei bu i Ryfylke ein stad, kjøpt og flytta til Grødaland i 1715 då dei brått vart huslause her.

I 1788 gifta Berta (eller Berit) Hansdotter Obrestad f. 1769 seg med enkemannen Lars Tjærandson Grødaland f. 1726 og flytta til Grødaland. Ho var då 19 år og han var 62. Dei fekk ingen barn og bare seks år etterpå døydde Lars. Berta gifta seg på ny i 1796 med Jens Tjølson Nærland f. 1757. Han var «bare» tolv år eldre enn henne. Dei fekk ni barn i åra 1798 til 1813. På slutten av året 1827 vart familien smitta av den alvorlege sjukdomen tyfoidfeber eller nervefeber.³ Og den 11. november døydde sonen Hans bare tre dagar før han skulle fylla 18 år.

I vekene etter døydde Lars 27 år, Kirsten 26 år, Anna 22 år, Tjøl 24 år og Elen 15 år. Det var bare tre av barna som overlevde denne epidemien. Faren skreiv over garden til sonen Jens (f. 1811) i 1828 før han hadde fylt 17 år. Då faren døydde i 1830 selde Jens halve bruket til Tore Toreson Erga som var gift med systera Ingeborg. Dei bygde opp husa på Toregarden. Same året omkom Jens på sjøen. I årboka for Jæren og Dalane i 1955 finn me deler av dagboka til presten Sandberg på Hå frå 1830. Der kan me først lesa om då faren Jens vart jordfesta.

Tirsdagen den 24de Juni jordedes Jens Grødeland, over ham jeg da og holdt Ligtale. Saare lidet var jeg forberedt paa talen (næsten ene med Meditation uden Skriven), men herren hjalp efter Sædvane naadigen. (s. 142)

Og seinare om då han fekk veta at sonen Jens hadde drukna:

Onsdagen d. 20de Oktober var en af de tunge og sørgelige Dage... ..og berettede at den unge Jens Grødeland tilligemed Mons Thorsen Høiland for et par Timer siden skulde være bleven borte på Søen, idet de havde sat Thore om bord på et Skib for at lodse. I øieblikket derefter kom en Dreng fra Grødeland (Andreas), der bragte Stadfæstelse paa denne sørgelige nyhed, og Anmodning om, at jeg maatte komme med Trøstens Ord til den dybt nedbøiede Moder. Jeg maatte da vandre det tunge Ærinde, og hjertelig takker jeg Gud, at han ogsaa hertil styrkede mig. (s. 150)

Denne mora, Berta, hadde då opplevd å mista to ekte-menn og sju av sine ni barn.

Etter at Jens drukna vart dette bruket (Gamlegar-

den) seld til Paul Tjærandsen Reime som var gift med eldste systera. Ho heitte og Berta.

Det er slekta etter desse to systrene, Ingeborg og Berta, som har vore eigarar av Gamlegarden og Toregarden så lenge det har budd folk i husa. Men forpaktarar dreiv Toregarden dei siste åra. Bruksdeling og drift er i stadig endring. I 1872 vart halve Toregarden seld og i 1910 vart Gamlegarden delt. Det vart då fire bruksnummer på Grødalaland. Seinare har antal bruk minka som på resten av Jæren. Nå går utviklinga mot færre bruk og større einingar igjen.

Gamlehuset

Gamlehuset er eit stort jærhus. Den eldste delen er endekammerset som truleg er frå 1715. Seinare vart huset på- og ombygd i 1791 og 1848. Ein kan fleire stader sjå spor etter skipstømmer. Vindauga på vestsida har hatt lemmer som hang i ein skyveramme under opninga. I 1705 kom ein Kongeleg Resolusjon med påbod om å stengja inne lyset om kvelden for ikkje å villeia sjøfolka med lys ifrå land.

Ser ein huset frå sida ser ein at taket går lenger ned på baksida. Det var vanleg på gamle jærhus og vart kalla «sitoga». Innvendig er romma plassert slik det var vanleg på den tida, med stove og bu på kvar si side av kjøkken og forstova. Dette huset vart nytta som bustad til 1933. Huset er nå ført attende til slik ein meiner jærhusa var innreidde på midten av 1800-talet.

Stova var sjølv bruksrommet. Det vart oppvarma av bileggjaren. Jærbuen må ha hatt god kontakt med omverda for slike jærnomnar kom her allereie på 1600-talet.

Det var ei stor investering å få ein slik i hus. Men sidan torv var det vanlege brenselet, og dei var særst gode å brenna torv i, så fekk dei ei viss utbreiing. Omnen vart fyrst frå grua i kjøkenet. Attmed omnen heng «strydå» der osen frå tranlampa eller «kola» steig opp. Elles finn ein senga til husbondfolket, omnskråbenken, der ungane sov, glasbenken og det store bordet med forsete og høgsete. På veggene mot forstova heng mjølkehylla. På bordet under åt dei alle måltid.

I kjøkenet er grua med holet der ein fyrte i bileggjaren. Kjøkenet har brunn og golvet er hellelagt. Koven var oftast nytta til lagring av salt- og flesketønner, mjølk og annan mat og spisskammeret eller mjølkerommet til oppbevaring av ost, rømmekolle og liknande.

Bua vart bygd på i 1848 av rivingsmaterialer. Det var vanlegvis lite dekor i dei gamle jærhusa, men me finn litt i bua. Her på Grødalaland har bua gardin og malte lister oppunder veggene og her er kister til andre tekstilar. Bua vart nok sjeldan nytta som opphaldsrom, då det ikkje var omn her.



Trappa opp til andre høgda er i forstova. I trappeoppgangen er det spikra nokre smale lister på veggene der ein stakk inn tolleknivar og anna småverktøy. På stove-loftet var sengene og kistene til drengene og dei eldste ungane. På bualoftet lagra dei kornet i bingar langs veggene. Kornet var det mest verdfulle dei hadde og måtte oppbevarast trygt. Det var ikkje vanleg med stabbur eller stolpabu på jæren. Skutane var lagringsplass for torv som vart nytta til brensel. Opprinneleg har det vore ein open «svol» eller svalgang under «sitoga» frå kjøkkenet til skutane slik at dei slapp å gå ut for å henta



Frå venstre: Martin Reiestad f. 1900, farmor hans Taletta Varhaug [1845–1933] som tente på Grødaland og Malena Grødeland (1882–1948). Malena var dotter til Per (på biletet under) og var den siste brukaren av Gamlehuset. Då familien ikkje budde i huset lenger, hadde ho vevstolen og rennebommen sin der. Fotoet er truleg frå 1933.

Frå venstre: Brørne Lars Paulson Grødeland (1836–1930) og Jens Paulson Grødeland (1839–1929). Lengst til høgre brorson deira Per (Peder) Grødeland (1853–1930). Dei er fotograferte framfor Gamlehuset, truleg i 1910. Begge foreldra til Per døydde tidleg. Faren, Tjærاند, var los og drukna på veg heim frå Stavanger i 1855. Mora, Herborg, døydde i 1858 av nervefeber. →





Frå vestrådøra eller gjesteinngangen kjem du inn i forstova. Rett innanfor heng langkikkerten klar. Den måtte vera lett tilgjengeleg for det var viktig å fylgja med på sjøen.

Foto: Ingeborg Skrudland

torv. Her er den seinare delt med vegger for å få fleire rom. I søre skuten der taket er bygd inn i huset er det ei stor skipsmast som held taket oppe.

Torehuset

Torehuset vart bygd i 1830. Samanliknar ein dei to husa ser ein korleis jærhuset har endra seg. «Sitoga» er no vekke. Koven og ein del av spiskammerset har vorte til stovekammers og buakammers. Kjøkenet har fått tregolv og vedomn, men har og eigen brunn. Trappa i forstova er dreia i ein annan retning og i golvet ser ein lemman ned til potetkjellaren.

Bruken av romma var stort sett den same som i Gamlehuset, men bua her er meir som ei bestestove. Senga til framandfolket står her framleis, men ein har fått buakammerset i tillegg, som eit ekstra soverom. På veggen i nordvestre kroken av bua finn ein innskripsjonen: «1831 TT og IJDG» som står for Tore Toreson og Ingeborg Jensdotter Grødaland som bygde Torehuset. Dei budde her og fekk 12 born. Bua hadde framleis ikkje omn, men likevel åt dei julemåltida her.

Torestova vart bygd på som kårstove i 1850. På loftet over Torestova er ein verkstad. I dette huset har det budd folk til slutten av 1950-åra. I dag er Torehuset innreia slik familien levde i 1920-30 åra.

Løene

Løene er grindabygde. Det er ein konstruksjonsmåte som gjev mykje rom i forhold til materialmengd. Det passa godt på skoglause Jæren. Det dei trong av byggjematerialer måtte dei skaffa frå Ryfylke eller Sørlandet

der det vaks skog. Ser ein på reisverkkonstruksjonane i løene ser ein og at det er brukt mykje skipsmaterial. Her fins både master, spanter og dekkssjelkar. Gamleløa har ikkje låvebru. I dei gamle løene vart høyet køyrt inn på golvet og så måtte dei hiva det opp i haugar for å nytta høgda under taket. Midt på golvet var treskjelåven. Det var dør midt på både aust og vestveggen slik at dei fekk gjennomtrekk til treskinga.

Den nyare Toreløa har låvebru med oppkøyring på austsida. Det vart mykje enklare å få høyet i hus då dei kunne køyra opp lass med hest og tippa dei ned i høyrømet. Under låvebrua er ennå treskjegolvet. Begge løene har steinborg på sørveggen der veret står på mest. Stein hadde dei mykje av og det var praktisk å byggja med eit materiale som tåler ver og vind.

Formidling og aktivitetar

På Grødaland kan ein oppleva roen og stemninga i dei gamle stovene, og få eit innblikk i korleis folk på sjøgardane budde og levde kring midten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet. Hå Historielag (tidl. Hå historie og Ættesogelag) har vore med i drifta av museet i mange år. Dei tek seg av vakthaldet alle sundagane i sesongen frå 1. mai og ut september. Dei er med på å skapa liv i husa på aktivitetsdagar. På desse dagane kan publikum vera med på leik og ulike gjeremål knytt til arbeid og matstell i eldre tid. Dei siste åra har me hatt faste dagar med baking av syrekaker, flatbrød og eplekake (potetkaker). Dei som vil kan få smaka på baksten med nykinna smør til. Me har og hatt hagedag i fleire år. Her kan publikum få sjå på, kjøpa og høyra historier

om gamle staudar og krydderurter. Dei kan smaka på mat frå hagen som skvalderkålsuppe, hylleblomsaft og både saft og suppe av rabarbra. Det har og vore dagar med trekkspelmusikk, jonsokleik, songleik, gamle spel, handarbeid, karding og spinning, veving, garnbinding og bøting, reipslaging med meir. Medlemmar frå Jæren Kystlag, Nærbø bygdekvinnelag og Vigre 4H har og vore med på aktivitetsdagane dei siste åra.

I tillegg til sundagane har museet fast opningstid alle dagar i skuleferien. Det kan avtalast omvising for grupper både i- og utanom opningstida. Skular og barnehagar kan koma og sjå korleis folk budde i gamle dagar. Her kan dei oppleva det ekte miljøet i undervisning om jærhuset og lokal byggeskikk. Det passar godt å fletta inn andre tema her som familien før i tida, omgangsskulen, lys og varme, hygiene og sjukdom, matstell, klede, jærlandskapet, sjøgardane, skogen, fiske og kystkultur. Me legg og til rette for leik og aktivitetar rundt husa.

Dei siste åra har me hatt ferieklubb for skulebarn på Grødalaland. Her samarbeider me med Hå kulturtorg. Tilbodet er populært og har auka gradvis år for år. Siste sommaren hadde me tre veker med tretti ungar kvar veke. Me ønskjer å gje eit tilbod der me legg til rette for aktivitetar og nyttar ressursane i og rundt museet. Og som samstundes er ein stad der ungane kan finna ro og fordjupa seg i det dei held på med. Me håper å vera eit alternativ til den travle kvardagen der både skuledagen og ettermiddagen ofte er fylt opp med ferdige aktivitetsopplegg. På Grødalaland lagar me mat, går ned til sjøen og krabbar, byggjer hytte i skogen, flettar

band, knytter makrame, kardar, spinn og vever, spikkar, snekrar båtar og mykje meir.

Men det er krevjande å leggja opp til mange aktivitetar og stort besøk i desse gamle husa. Det vert meir slitasje og det må meir vedlikehald til. Me føler heile tida eit dilemma her. Me håper at ungane skal verta glade i museet og sjå verdien i det å ta vare på historia vår. Då må me prøva å gjera formidlinga av anlegget levande. Dei siste ti-åra har det årlege besøket vore frå to til tre tusen. I 2010 har omlag 2500 personar besøkt anlegget. Bortimot halvparten av desse er born.

Me har eit sterkt ynskje om å innreia eit «moderne» rom i Gamleløa som kan brukast til aktivitetar, undervisning, utstillingar og matlaging. Det hadde spart anlegget for mykje slitasje og gitt mange nye moglegheiter til bruk og læring på Grødalaland.

Området rundt

Museet på Grødalaland er eit fint utgangspunkt for turar på Kongevegen langs sjøen. På Grødalaland er det gode parkeringstilhøve og merka sti til turvegen ned til sjøen både gjennom Grødalandskogen og gjennom tunet.

På Grødalalandstranda finn ein eit minnesmerke etter kolboringa på Grødalaland. I 1873 vart det bora 133 meter ned, like til grunnfjellet. Men dei fann ikkje kol.

Frå parkeringsplassen er det og merka sti inn til «stemmen» i Grødalandskogen. På vinteren kan det vera bra skøyteis der. Ellers er det eit rikt fugle, plante og insektsliv rundt vatnet. Det er Nærbø Skogplantingslag som eig skogen. Den er planta på 1960-talet på jorda som hadde tilhøyrt Toregarden.



- 1 Sommaren 2010 var det dyr på Toregarden for fyrste gong på over femti år. Ungane kosa seg ilag med lam, høner og kanin.
- 2 Odd Varhaug syner binding av fiskegarn.
- 3 Medlemmar frå Jæren Kystlag lagar tau på reperbanen saman med ein ivrig gjeng på feriekluubb.
- 4 Alf Næsheim er oppteken av å læra nye generasjonar å spela daldøsa.
- 5 «Å karda og spinna...»

Alle foto her: Jærmuseet.

VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM

Jærkysten kan vera verhard og nådelaus. Her har gjenom tidene skjedd mange dramatiske forlis. Sjøfolk omkom og båtar vart knuste til pinneved i brenningane. Mange slags vrakgods kunne reka i land langs strendene. Allereie frå 1500-talet har ein beretningar om at jærbuen, etter ei natt med skikkeleg uver og storm, kunne få hand om eksotiske varer som raudvin, sjokolade, sukker, «peber og anden saadan speceri» – som var meint for borgarskapet i byane.

På strandgardane var det vanleg at skipsplank eller «skjeve kahyttsvindu» var brukt i bygningane. Sjølv om vrakgods kunne vera kjærkome her på den skoglause Jæren, så var det tragisk når folk omkom. Fram til midten av 1800-talet hadde dei ikkje redningsutstyr. Forlisa skjedde ofte når veret var så dårleg at det var uråd å koma ut med båt. Folk på land stod hjelpelause og såg at mannskap og passasjerar drukna.

Frå midten av 1800-talet vart det arbeid for å skaffa redningsutstyr til Jærkysten og dei første redningsstasjonane vart oppretta i 1854.

Varden sjøredningsmuseum ligg på området til Oгна Camping, ved R-44. Museet opna i 1977 for å ta vare på og dokumentera utstyret til redningsstasjonane på Jæren.

Redningsstasjonane

Den 7. januar 1852 forliste skonnertbriggen «Magdalene Christine» av Bergen på Brusanden. Det var eit forferdeleg ver med storm frå vest-sydvest. Etterkvart samla det seg mykje folk på land. Desse stod ikkje meir

enn ca. 50 meter frå skipet, men kunne likevel ikkje gjera noko. Bølgjene gjekk så svære og dei hadde ikkje utstyr å hjelpa seg med. Etter få timar var båten sundbroten og fem mann drukna.


Konsul Tønnes Houge Puntervold frå Egersund var på reis over Jæren og vart vitne til denne tragiske hendinga. Han skildrar dette i dagboka si: *... jeg gjorde alt jeg formaaede til disse arme menneskers Frelse. Stakars folk. Deres hjerteskjærende skrig glemmer jeg aldrig...* Etter dette forliset vart det skrive avisinnlegg, og den 12. januar sende 33 Stavanger-skipparar eit brev til Marinedepartementet, med bøn om hjelp til å skaffa redningsutstyr til Jærkysten.

Dette var opptakten til sjøredningsstasjonane. I april vart det ved Kongeleg Resolution bestemt at det skulle


Varden sjøredningsmuseum. Foto: Jærmuseet.




SKYT ut rakett med line etter.




TREKK «inn- og uthalarlina» ut til båten.



FEST stjerterblokka i masta slik at sværtrossa kan halast ut til båten.



FEST sværtrossa i masta over stjerterblokka og hal folk i land med redningsstolen.



Illus.: Asbjørn Sotheim, 1981

opprettast stasjonar langs kysten. Staten gav fyrdirektøren ansvaret og han bestemte kor dei skulle leggjast. Det vart kjøpt inn utstyr frå England. Dette vart kopiert på marineverkstaden i Horten og produsert for bruk på stasjonane på Jæren og Lista. Det vart sett opp hus og levert ut rakettutstyr til desse stasjonane på Jæren: Refve, Obrestad, Husveg og Kvalbein i 1854. Seinare kom Raunen i 1896 og Vik i 1897. Hovuddelane i utstyret var rakettapparatet som er ei renne for utskyting av rakett med line, kasser med inn- og uthalarliner, sværtrosse og redningsstol.

I 1891 vart Norsk Selskap til Skipsbrudnes Redning (NSSR) oppretta. Kvinneforeininga deira i Stavanger samla mellom anna inn pengar til redningsbåten «Trygg» som vart stasjonert på Kvalbeinsstranda i 1894. I 1933 overtok redningsselskapet (NSSR) alle stasjonane av staten.

Utetter 1900-talet fekk Redningsselskapet nyare utstyr; først redningsskøyter og seinare helikopter. Det var ikkje lenger bruk for redningsstasjonane. I 1977 var alle utanom Reve nedlagte. Sverre Kvadsheim og Hå kommune fekk då hand om ein del av det utstyret som hadde vore brukt der. Det vart sett opp eit museumsbygg i Varden som kunne husa redningsbåten Trygg og eit utval av redningsutstyret. Museet er plassert nær den staden der Puntervold må ha stått og sett forliset av Magdalene Christine. Her er og eit redningsmonument som vart sett opp i 1961 då redningsselskapet var 70 år.

Utstillinga

I museet kan me sjå redningsbåten «Trygg». Det er ein såkalla surfebåt. Den er flatbotna for å kunne gå ut på sandbotn og stå støtt mellom dønningane. For å flyta godt

Redningsbåten Trygg med mannskap under opptrekk på Kvalbeinstranda.





Redningsmonumentet står ved R44 i Varden.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet 2010.

har «Trygg» pølser fylt med reinsdyrhår langs sidene, kork under tiljene og kopartankar med luft. Båten er konstruert etter danske teikningar av H. C. Pedersen – som og var med og starta NSSR. Han hadde vore skipper på «Nordens Dronning» og vart difor kalla «Dronning Persen».

Her er og komplett utstyr frå redningsstasjonane: Skyteutstyr for livline med rakettar, utskytingsrenne, kanon, gevær, tauverk, kasser og kjerre til transport av utstyr, namnebrett frå båtar og ei stor samling foto av skip som har forlist langs jærkysten. Utanfor står redningsmonumentet som er ein bauta reist til minne om Consul Tønnes Houge Puntervold og forliset av «Magdalene Christine». Og ein skulptur «Brenning» hogd av Ståle Kyllingstad.

Formidling og aktivitetar

Museet samarbeider med Jæren Kystlag, Hå Historielag, Redningsselskapet, Sirevåg dykkarklubb og Ogna Camping om å formidla redningshistoria. Ein søndag i juni kvart år er det familiedag med mange ulike aktivitetar her. Kvart femte år har me ein større aktivitetsdag der me tek redningsutstyret ned til stranda. Her vert det skote ut line til nokre «skipbrotne» på ein holme. Så får publikum sjå korleis heile utstyret vart montert opp for til slutt å hala ein person om gongen trygt i land med redningsstolen. På desse dagane har me og fått besøk av redningsskøyta i Egersund og helikopter frå 330 skvadronen på Sola som har synt korleis ein redningsaksjon kan føregå i dag.

Dei andre åra samlar me aktivitetane rundt museet. Programmet varierer noko frå år til år. Men redningsstolen synt på land, å laga tau på reperbane, spikra småbåtar, akvarium, båtmotorar, gamle filmar om redningsstasjonane, trykkluftsrakett, musikk og matsal er nokre eksempel på kva som bruker å vera med.

Museet er elles ope for omvising og aktivitetar for barnehagar, skuleklassar og andre grupper etter avtale. Elevane får gjerne prøva redningsstolen og laga tau på reperbanen. Ofte får dei prøva å knyta enkle knutar og leggja raketlina sirleg og fint i linekassen. Desse aktivitetane tilpassar me etter alder og storleik på gruppene. Om lag 500 besøkande har vore innom Varden i 2010.

Når du besøker museet i Varden bør du og ta ein kikk på området rundt. Her er gode moglegheiter for naturstudiar og fot- eller sykkelturar. Varden ligg akkurat på grensa mellom det flate Jæren og det kupert Dalane



1 Ungane får prøva redningsstolen på land. *Foto: Ingolf Ibenhard Benjaminsen.*

2 Her er det stolte «mannskapet» me har idag. Dei fleste er iført gensere og huer frå dei gamle redningsstasjonane. *Foto: Jærmuseet.*

3 Ein ivrig morfar, Lars Ødemotland, byggjer båt saman med Selina Vigre. *Foto: Jærmuseet.*

4 Mannskapet på plass – startskotet går – for ein ny redningsaksjon – demonstrasjon! *Foto: Ingolf Ibenhard Benjaminsen.*

og byr soleis på eit variert landskap. Her er du like ved sjøen med flotte sandstrender, sandkuler, knausar og holmar. Jærstrendene landskapsvernområde byr på eit rikt plante og fugleliv. Nordsjø-sykkelruta går gjennom campingplassen. Om du vil reisa kollektivt så er det trygt og enkelt å koma seg til togstasjonar på Brusand eller Oгна. Her er sykkelsti i begge retningar.

SMIA PÅ MOTLAND, gnr.20, bnr.3.

Dette er ein sers interessant og autentisk bygning. Han er truleg bygd før 1850. Det var Simon Svensen (1809–1900), gift med Anna f. 1810 på Risa som kjøpte seg inn på Motland i 1835. På garden har dei har teke vare på to protokollar. Den eldste er frå 1851, med namnet Simon Svensen Motland sirleg innført på første sida. Det er ei rekneskapsbok for dei neste tretti åra. I den neste protokollen står det på tittelsida: «Hoved Bog for smed Svend Simundsen Motland af Nærboe, begynt 1882». Her kan me fylja forretningane fram til etter 1905. Sven var eldste son til Simon fødd 1840, død 1916. Sonen hans, Simon Motland (1873–1962) var også smed. Desse to yngste generasjonane blir omtalte som skosmedar. Hestane blei sette i skostallen, laga av kilte steinar som fortsatt står ved smia. Smia er teken vare på med både verktoy og rester av det som blei laga av smedane.

Smia blei gjeven til Rogaland Folkemuseum i 1978. Hå kommune overtok smia i 1983. Jærmuseet fekk ansvar for tilsyn og vedlikehald ved konsolideringa i 2002. Eit av dei første åra blei belgen i smia sett istand og ein demonstrerte smiing. I mange år var det tradisjon for folk på garden å svi smaleføter i smia kvar haust. Men



Smia på Motland. Foto: Jærmuseet

pipa er ikkje serleg god etter nærare 200 års bruk. Nå er all bruk av eld i smia forbode.

NAUSTA PÅ VARHAUGSTRANDA

I stranda på Varhaug ligg i dag tre naust og to nausttufter. Nausta er bygde av stein, med pannetak og trekledning på gavlveggene. Dei glir mest i eitt med rullesteinstranda og er flotte eksempel på korleis nausta langs jærkysten vart bygde. Desse har alle opprinneleg tilhøyrt bruka på



Nausta på Varhaugstranda. Foto: Olav M. Bråtveit, Jærmuseet.

Varhaugsgarden. Museet eig i dag det midtre naustet. Elles er det ulike eigarforhold og bruksrettar til nausta. Sidan 1950-talet har musea hatt ansvar for vedlikehaldet her. Det var først Dalane Folkemuseum, så Rogaland Folkemuseum, Hå Kommune og nå Jærmuseet som skal passa på at dei er i god stand.

KVERNHUS OG KORNTØRKE PÅ NORD-VARHAUG

Bygningane som har tilhøyrt bnr. 1 og 2 på Nord-Varhaug vart gitt til Rogaland Folkemuseum i 1961. Det er mest ikkje til å tru at vasskraft har vore viktig på flate Jæren. Men Joakim Grude skriv at i åra kring 1800 var det små «kadlkvernar» på mest kvart gardsbruk der det rann ein liten bekk gjennom. Det var nok om den kunne stemmast opp til å samla malevatn for ein dag. Karsten Aanestad har samla informasjon om til saman 24 kvernar i tillegg til 3 vasshjul og fleire kadlar nytta til treskjing langs den «søra-» (Tvihaugsbekkjen) og «nøra ånå» (Rongjabekken) på strekningen frå Ueland til Nord-Varhaug – og det kan ha vore endå fleire. Desse



Kvernhus og korntørke på Nord-Varhaug. Foto: Jærmuseet

bekkjene går saman det siste stykket, og passerer kvernhuset og tørka på Nord-Varhaug før dei renn ut i sjøen. I tørkehuset vart bygg og havre tørka på ei innebygd jernhelle, med ein rørar oppi og fyrrom under, før det vart malt på kverna i kvernhuset. Rug og kveite vart tørka i «hærå» (ein kasse med jutebotn) heime i stova over omnen før maling.

Drifta av dei små bekkjekvernane i området her minka av etter 1915 då Varhaug Mølle vart bygd.

NOTER

¹ Frå Hå kommune sine nettsider. Om kommunen: <https://www.ha.no/artikkel.aspx?MId1=22&AId=6>

² Edland, Torger. Gards- og Ættesoga for Haa, Nærbø s. 182

³ Tyfoidfeber (Nervefeber) kjem av bakterien Salmonella typhi og vert overført i mat og vatn som er forureina av avføring eller urin. Symptoma er mellom anna høg feber, magesmerter og alvorleg diarè. Då det ikkje var kjent kor viktig det er med god hånhygiene breidde ofte sjukdomen om seg. Og diarèen gjorde at mange døydde av inntørking.

<http://no.wikipedia.org/wiki/Tyfoidfeber> 28.04.2010

KJELDER

Edland, T (1971) *Gards- og Ættesoga for Haa, Nærbø*.

Grude, J (1976) *Jæderen Kulturhistoriske skildringer fra det 19de aarhundrede*, Orig. Utg. 1908, Stabenfeldt, Stavanger.


Grude, N. (1955) Av Haaprestens dagbok; utdrag av Christian Juell Sandbergs opptegnelser, *Årbok for Jæren og Dalane* 1955, Rogaland Historie- og Ættesogelag.

Hå kommune sine heimesider (8.11.2010)

<https://www.ha.no/artikkel.aspx?MId1=5794&AId=6>

Nedrebø, V (1983) *Grødaland* (brosjyre) Hå Kommune.

Wikipedia [28.04.2010] <http://no.wikipedia.org/wiki/Tyfoidfeber>
Aanestad, K. (u.å.) Litt om kornmaling og kvernar i gamal tid (hefte) Varhaug.



Alle generasjonar er med på leik i hagen på Grøddaland.
Medan Valborg Gudmestad er inne på kjøkkenet og bakar syrekaker.

Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.